Region vest Janne Ølmheim / 48024186 16/30151-2 201502028-44 17.04.2016

### Uttale – 132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk – Frøyset transformatorstasjon – Høyring av tilleggssøknad

Vi viser til e-post datert 23. februar 2016 gjeldande høyring av tilleggssøknad – 132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet – vindkraftverk – Frøyset transformatorstasjon.

#### Generelt

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltingssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetjing er å legge til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

#### Vår merknad

I dykker brev står mellom anna følgjande: *Zephyr søker også om orenningsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport.*

Vi vil gjere merksam på at de må søkje oss direkte når tiltak på og/eller ved riks- og/eller fylkesvegar. Under kjem informasjon om tilhøve der de må søkje oss direkte.

#### Nærføring av kablar

Etter veglova § 32 og § 57 skal ingen føre kablar, leidningar eller anna utstyr over-, under-, langs- eller nærmere offentlig vei enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak over, under eller langs riks- og fylkesveg skal i kvart høve sendast til Statens vegvesen.

#### Byggjegrense til veg

Byggjegrense fastsett i reguleringsplan gjeld for alle byggverk som til dømes transformatorstasjoner, massedeponi, riggområder og oppstillingsplassar med vidare. Der

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

det ikkje fins reguleringsplan gjelder Rammeplanen for avkøyrsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest, sjå vedlegg. For tiltak innafor byggjegrense til veg som ikkje er fastsett i reguleringsplan, må det søkast om dispensasjon frå Statens vegvesen, søknadsskjema finn de på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) – skjemaer – søknad om avkjørsel eller dispensasjon frå byggegrense.

### **Avkøyrsler**

Der det vert behov for ny vegtilkomst langs riks- og fylkesvegar som ikkje er vist i reguleringsplan, utvida bruk av eksisterande avkøyrsle eller mellombels avkøyrsle, må det søkjast Statens vegvesen. Avkøyrsle må utformast i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming og handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss, desse finn de på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) – fag – håndbøker.

### **Spesialtransport**

Når store og tunge konstruksjonar skal transporterast må det søkast om eige løye, søknadsskjema ligg på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) – veglister/dispensasjoner – søknad om dispensasjon for spesialtransport.

Plan- og forvaltningsseksjonen

Med hilsen

Mari Hage Basberg

seksjonsleiar

Ølmheim Janne

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

**From:** noreply.saksbehandling@vegvesen.no  
**Sent:** 18. april 2016 12:35  
**To:** NVE  
**Subject:** Dokument 16/30151-2 Uttale - 132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon - Høyring av tilleggssøknad sendt fra Statens vegvesen  
**Attachments:** 16\_30151-2Uttale - 132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon - Høyring av tilleggssøknad.pdf

Til Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE - Hovedkontor

Vedlagt oversendes dokument **16/30151-2 Uttale - 132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon - Høyring av tilleggssøknad** i sak **Zephyr AS og SAE Wind - Tre vindkraftverk i Gulen kommune** fra **Statens vegvesen**. Se vedlegget for innholdet i utsendelsen.

Eventuelle henvendelser vedrørende behandlingen kan rettes til [firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no) eller i vårt [kontaktskjema](#).

*Dette er en systemgenerert e-post, og skal ikke besvares.*

Til Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE - Hovedkontor

Vedlagt sender vi dokument **16/30151-2 Uttale - 132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon - Høyring av tilleggssøknad** i sak **Zephyr AS og SAE Wind - Tre vindkraftverk i Gulen kommune** fra **Statens vegvesen**. Sjå vedlegget for innhaldet i utsendinga.

Eventuelle førespurnader som gjeld behandlinga kan rettast til [firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no) eller i [kontaktskjemaet](#) vårt.

*Dette er ein systemgenerert e-post du ikkje kan svare på.*

Attn. Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE - Hovedkontor

Enclosed you will find the document **16/30151-2 Uttale - 132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon - Høyring av tilleggssøknad** from the Norwegian Public Roads Administration.

If you have queries regarding this case, please contact [firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no).

*This is an automatically generated email – please do not reply.*

**From:** Anders Braanaas <anders.braanaas@me.com>  
**Sent:** 18. april 2016 14:05  
**To:** NVE  
**Subject:** Høyringsfråsegn. NVEs referanse: 201502028-44 . Sakshandsamar  
Anette Ødegård



Høyringsfråsegn. NVEs referanse: 201502028-44

**132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk–Frøyset transformatorstasjon. Høyring av tilleggssøknad**

Vi viser til vår høyringsuttale til den opphavlege søknaden. Der konkluderer vi at dei ornitologiske undersøkingane som vart gjort var for mangelfulle til å gje eit fullgodt bilet av fuglelivet i området. Desse innvendingane gjeld i enno sterkare grad for tilleggssøknaden då største delen det no føretrekte alternativet (alternativ 3) ikkje var aktuell var då det vart gjort synfaring av traseen i høve konsekvensutgreiing.

På grunn av den manglande kunnskapar om mange fugleartar i områder er det vanskeleg for oss å vurdere dei aktuelle linjealternativa opp mot kvarandre. Alternativ 3 kan sjå ut som det truleg kan vere litt mindre negativt for ein del artar som til dømes orrfugl då den i mindre grad føl bjørkeskogen i Myrdalen. På den andre sida vil det truleg vere eit dårlegare alternativ for rovfuglartar som jaktar i ope terreng på snaufjellet og for ryper. Alternativ 3 passerer også like på austsida av inste delen av Dalsdalen. Vi har nyleg fått opplyst frå lokalbefolking at rovfugl ofte har tilhald i berghamrane i dalbotnen der.

Vi står fast på at det bør gjerast nye og mykje meir grundige ornitologiske feltundersøkingar før konsesjonsvedtak kan vurderast. Dersom dette ikkje dette vert gjort meiner vi at søknaden bør avvisast.

Med vennlig hilsen

Lars Ågren

Leder

Norsk Ornitologisk Forening, avd Hordaland  
Anders Braanaas

For styret

Norsk Ornitologisk Forening, avd Sogn og  
Fjordane

Anders Braanaas  
Soknevågen  
6986 Værlandet  
Norway  
Tlf 40103521

**From:** tove kristin sleire tistel <tkstistel@gmail.com>  
**Sent:** 18. april 2016 19:28  
**To:** Ødegård Anette  
**Cc:** NVE  
**Subject:** Høyringsuttale til omsøkt trasealternativ -3- , 132 kV kraftleidning  
Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyseth Transformatorstasjon  
**Attachments:** Høyringsuttale II.docx

Hei!

Sender som avtalt høyringsuttale til denne e-postadressa



Tove Kristin og Vidar Sleire Tistel

Sleirsvegen 577

Little Sleire

5986 HOSTELAND

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE

Postboks 5091 Majorstua,

0301 OSLO

Little Sleire 18.04.2016

**132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon, merknader til tilleggssøknad om trasealternativ 3**

Me er glade for at det vert teke omsyn til innspela i førre søknad om trasealternativ ! Det er viktig å unngå kraftlinje i dei produktive areala i Myrdalen og langs Bastielva, dei framifrå friluftsområda på dalen med sin fine flora og fauna og ikkje minst kulturhistorisk verdi .

Som grunneigar på Little Sleire 9.2, næringsdrivande med etablert Inn På Tunet, familie, turgårarar, jakt - og friluftsinteresserte , vil me komme med nokre merknader til linjealternativ 3.

I trasealternativ 3 som no er omsøkt har me merknader til *plasseringa* av kraftlinja like ved toppen av Storenova.

Storenova 559 m.o.h er blant dei høgaste toppane "våre" og ei kraftlinje her vil vere veldig synleg og negativ utifrå ein landskapsvurdering.

Storenova er eit ynda turmål for folk alle aldersgrupper og her er ofte trimpost for idrettslag på begge sider av kommune – og fylkesgrensa. Ei kraftlinje plassert like ved toppen er særskilt negativt for friluftslivet i dette området som har framifrå utsiktspunkt, fine vatn nedanfor og gode turområde. Me vil og vise til fuglelivet og ber dykk om å sjå det i samanheng med dette området og dalføre og vatna som ligg nedanfor og dei verdiane som i det ligg.


Ei kraftlinje vil føre til auka kollisjonsfare for allereie sårbare og truga artar som til dømes rypa i dette området.

Viser og til at retningsbestemte formasjonar i landskapet ofte tener som sokalla leielinjer for trekkfuglar. Døme på dette er dalføre, elvar, store vatn og kystlinjer.

Overordna bør de legge vekt på den **samla lastninga** me vil få med kraftlinje eventuelt bak oss og framfor oss. Dette då den planlagde kraftlinja 420 kV Modalen – Mongstad vil gå via Sleire – er dette er meir enn me som innbyggjar kan leve med i dag og i framtida. Tunge tekniske tiltak som kraftmaster og – linjer, påverkar sterkt negativ - oss som ynskjer å oppleve natur og landskap, og som skal bu og leve i området, no og i framtida!

Med helsing frå familien

Tove Kristin & Vidar Sleire Tistel



Storenova for liten og stor...



Utsikt frå punkt på nedsida av toppen

Storenova – på Sleire-sida

### **Storenova 559 m.o.h**



Linjealternativ 3 vil vere synleg i høgre del av biletet...



Bilete tatt nedanfor Storenova – på veg austover igjen..

**From:** Ron Overdevest <rono@online.no>  
**Sent:** 18. april 2016 16:47  
**To:** NVE  
**Subject:** Fråsegn 132 kV dalsbotnfjellet frøyset  
**Attachments:** 2016 1804 dalsbotnfjellet Frøyset 132 kV.docx; ATT00001.txt

Vedlagt fråsegnet til Ytre Sogn Turlag/ Sogn og Fjordane Turlag i samband med konsesjonssøknaden 132 kV linje Dalsbotnfjellet til Frøyset.

NVE  
[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Grinde den 18.04.2016

**Registreringsnummer:**

**Saksnummer:** 201502028

132 kV kraftledning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon

**Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.sftur.no/](http://www.sftur.no/)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal v/siste årsskifte: 6.437. Omsøkte kraftlinjer ligg i Ytre Sogn Turlag og Nordhordland Turlag sitt virkeområde.

***Ein synet til fråsegn sendt NVE den 15 juli 2015*** for alt av det som er nemnt der vil vere av like stor viktigkeit her.

**Fråsegn alt 3**

I forordet i konsesjonssøknaden skrivast det om konsesjonen Zephyr fekk for Dalsbotnfjellet prosjektet. Dette er ein halv sannheit! Dalsbotnfjelet sammen med Brosviksåta fekk konsesjon! Synergieffekten av to vindindustriområdet var vektlagt. Sjå sitat under.

Til dette prosjektet var det også innvilga konsesjon for kraftleidning ut av området, som var tenkt i delvis samme trasé som allerede eksisterende 22kv linje. Denne traseen var etablert og ville da kun gjere mindre innhogg i resterende urørt areal i Gulen kommune.

Sitat frå “NVE sin bakgrunn for vedtak”

**6.3 Samlet vurdering av økonomi og virkninger som er vektlagt av NVE  
Vurdering av produksjon, økonomi og forholdet til andre planer**

*Vurdering av produksjon og økonomi (kapittel 4.1)*

*Meget gode vindforhold (ca. 8.7 m/s i 80 meters høyde) i planområdet. Ising antas å medføre 4-7% produksjonstap, og det er noe usikkerhet knyttet til turbulensforholdenes virkning for produksjonen. Dalsbotnfjellet vindkraftverk vil etter NVEs vurdering være et konkurransedyktig prosjekt i det norsk-svenske sertifikatmarkedet dersom vindkraftverket etableres med en felles nettilknytning med Brosviksåta vindkraftverk. Ved en utbygging på 150 MW og en forutsetning om 2900 brukstimer kan vindkraftverket årlig produsere cirka 435 GWh.*

Sitat slutt.



**Postadresse:** Pb. 10, 6801 Førde  
**E-post:** [sogturla@online.no](mailto:sogturla@online.no)  
**Organisasjonsnr.** 971 529 474

**Besøksadresse:** Langebruvegen 9, Førde  
**Heimeside:** [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)  
**Bankkonto:** 3705 03 32455

**Tlf.** 57 72 06 14

Som nemnt i fråsegnnet i samband med tidligare omsøkt alternativ sendt NVE den 15 juli 2015 er dette område det siste av den urørte naturen som er igjen etter eit utal inngrep ellers i kommunen. Summen av inngrep i Gulen og Masfjorden kommune er langt over det som er rimelig.

Alternativ 3 som her er orientert om ligg mest høgt i terrenget og er difor ekstremt synleg frå alle vinkler. Ved Storenova, som er eit viktig turmål, vil 132 kV linjen ligge like under toppen på ca 520 m! Sjølv om ein visualisering ikkje foreligger vil kraftleidninger i høyden i røynda være veldig synleg. For friluftslivet er her valet mellom pest eller kolera. Turlaget kan ikkje godta ny trasé! Her er ordvalet nøyne avveid for ein kan bli provosert av mindre.

Med tapet av argumentet i NVE sin konsesjonstildelinga *der synergieffekten ved ein utbyggjing med brosviksåta og dalsbotnfjellet* var viktig og der brosviksåta no er trekt tilbake er det naturleg å tru at NVE vil måtte vurdere sin konsesjonstildeling på nytt.

Gulen kommune uttalte seg **mot** utbyggjing av Dalsbotnfjellet, NVE går inn for konsesjon. NVE peikar på synergieffekten av den dobbelte utbyggjinga og opplever at grunnlaget for synergiforsvinn når Brosviksåta vert trekt tilbake. Det er eit mindretal av grunneigarane ved Dalsbotnfjellet som ynskjer utbyggjing og som vil skrive under.

Zephyr søker om konsesjon for 132 kV linje med 2 alternativ og opplever stor motstand. Zephyr presenterer nytt alternativ. Nytt alternativ ligg til vurdering no og er for turlaget uakseptabelt. Sumverknaden av alle inngrep som påverkar naturmiljøet er ekstremt høg i Gulen kommune.

Vasskraft er nemnt. Industri tiltak med mange desibel og mykje støvproduksjon er også inngrep som i vid krets påvirker naturmiljøet. I nær avstand ligg Mongstad oljeraffineriet som er fastlands-Norge sin største forureininger. Gulen kommune har i tillegg ein stor fiskeproduksjon i fjordene og er størst i Sogn og Fjordane og 9. størst i landet.

Gulen er fortsatt med i kampen om lagring av meir radioaktivt avfall! Her finnst deponi frå før. Summen av desse aktivitetene og det faktumet at dei som bur her også vil ha tilgang på urørt friluftsareal ligg i botnen når SFT/YST ber NVE å ikkje gje konsesjon til framlagt alternativ. (Sjå oppsummeringa av naturinngrep i fråsegnnet datert 15 juli 2015 av Sogn og Fjordane Turlag)

Ytre Sogn Turlag er aktiv i m.a. Gulen Kommune, laget er nokså nystarta men har særsla bra oppslutning, aktiviteten er svært høg, spesielt Barnas Turlag og unglaget. Turlaget arrangerer fleire camper årleg og er også aktiv i *opptur arrangement* innenfor virkeområde. Turlaget har hausta mykje honnør for dette, både regionalt og nasjonalt! Turlaget har på sin heimesida ein oversikt over turaktiviteten for alle aldersgrupper førvrig. (<https://ytresogn.dnt.no>)

## Trasévalg alt 3 og avgrensa utbyggjing av Dalsbotnfjellet.

Sitat frå konsesjonstildelinga til Dalsbotnfjellet:

*"NVE har meddelt Zephyr AS konsesjon til å bygge og drive Dalsbotnfjellet vindkraftverk med tilhørende nettilknytning. Vedtaket er påklaget.*

*NVE har lagt vekt på at det er gode vindforhold i planområdet. De største verkningene for Dalsbotnfjellet vindkraftverk er knytt til visuelle virkninger for landskap, nærliggende bosetning, naturmangfold, friluftsliv og inngrepsfrie naturområder (INON). NVE har valgt å avgrense utbyggingsomfanget av Dalsbotnfjellet vindkraftverk ved å ta ut elleve turbiner i den sørlige delen av planområdet. Dette reduserer de visuelle virkningene for nærliggende bosetning, støy og skyggekast og for naturmangfoldet i området."*



Sitat slutt.

NVE velger å ta ut 11 turbiner i den sørlige delen av planområde for m.a. å redusere de visuelle virkninger og for naturmangfaldet .....

No vert for det samme området søkt om trasé til 132 kV kraftlinje. Området som kraftlinjen krysser er kjerneområde for smålom og storlom...og del av kongeørterritorium. (!) NVE velgjer som avbøtende tiltak å ta ut 11 turbiner og ”freder” i sin konsesjons grunngjevinga dermed den sørlige delen av Dalsbotnfjellet. No sokjar Zephyr å bygge 132 kV kraftleidning nettopp gjennom dette området! Dette er av planleggarane vel ikkje gjennomtenkt?

Sitat frå AMBIO rapport.

*”Både smålom og storlom hekker i vannene i planområdet. Det utgjør også en viktig del av et kongeørterritorium. Disse artene vurderes å være sårbare for den typen inngrep som en evt. utbygging vil medføre, og det vurderes som sannsynlig at lommene kan oppgi planområdet som hekkeområde. For kongeørn vi både anleggs- og driftfasen medføre uønskede forstyrrelser og kollisjonsrisiko. Tiltaket vurderes å ha stor negativ konsekvens for fugl.”*

## Konklusjon

Sogn og Fjordane Turlag / Ytre Sogn Turlag vil ráde NVE på det **sterkaste å gå mot byggjing av 132 kV kraftleidning alt 3** som omsøkt. Dalsbotnfjellet prosjektet med tilhøyrande kraftleidning er eit overgrep og kan på ingen måte vere samfunnsøkonomisk forsvarleg. Folkehelse er viktig, turaktiviteten bidrar til ei betre folkehelse, barn og ungdom vert av turlaget inspirert til å oppleve denne resten av urørt natur i nærmiljøet. For vår identitet er det viktig å ha tilgang til dette opprinnelige, dette som skaper fred i sjelen! Naturen vil i større grad enn kronene bidra til innbyggjarane sitt velvære. Ålmenta må innenfor rimelig rekkevidde finne turområde som er inspirerende og energiskapande i sin naturlege form. Dette til vår generasjon og ikkje minst for våre etterkommere.

For Sogn og Fjordane Turlag, naturvernutvalet, leiar Ron Overdevest

For Ytre Sogn Turlag Ron Overdevest, styremedlem.



Med venleg helsing

Ron Overdevest



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato  
21.04.2016  
Dykkar dato  
23.02.2016

Vår referanse  
2015/6232 563  
Dykkar referanse  
15/2028

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### Tilleggssøknad - Bygging av 132 kV kraftline fra Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon - Gulen og Masfjorden kommunar

**Alle alternativa er i konflikt med landskap, friluftsliv og opplevingsverdi, og vil føre til oppsplitting av store samanhengande naturområde. Konsekvensutgreiinga gir ikkje grunnlag for å vurdere alternativa fullt ut. NVE bør vurdere å sette krav om utgreining av alternativ som går lenger vest, og vurdering av samla belastning på landskap. Det må setjast vilkår som reduserer fare for kollisjon med fugl.**

#### Bakgrunn

Søknad om bygging av ny 132 kV kraftline fra Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen kommune til Frøyset i Masfjorden var til høyring i 2015. Lina skal byggjast med H-master i tre med hengande isolatorer.

Høyringa viste lokal motstand mot å føre lina gjennom Myrdalen i Masfjorden. Søkjar har no utarbeidd tilleggssøknad som viser alternative trasear i dette området. Alternativ 2 og alternativ 3 går begge på vestsida av Myrdalen, men alternativ 2 kryssar dalføret i inste del over til Grindeboden, og følgjer opphaveleg traseforslag (alternativ 1) vidare nordover. Store deler av traseen vil ligge på høgdedrag mellom 300 og 600 moh.

Konsesjonssøknaden omfattar alle alternativ, med søkjar held no alternativ 3 som det primære.

I opphavleg søknad frå 2015 var det presentert ein alternativ trase 2a som går lenger vest og i større grad følgjer eksisterande 22 kV line. Denne er ikkje omsøkt.

#### Konsekvensutgreiinga

Meldinga som låg til grunn for konsekvensutgreiinga knytt til Dalsbotnfjellet vindkraftverk viste kart med aktuell trase for mogleg overføringsnett til Frøyset i Masfjorden. På denne bakgrunn vart det ikkje stilt krav om ny melding knytt til planlegging av kraftlina.

Konsekvensutgreiinga som ligg til grunn for søknaden er basert på KU-program for vindkraftverket, fastsett av NVE 12. oktober 2011. Fylkesmannen i Hordaland var ikkje

høyringspart i meldingsfasen for KU-programmet. Fylkesmannen vil trekke fram følgjande krav om bruk av metode i vedteke KU-program:

- Landskap: Ved hjelp av fotorealistiske visualiseringer skal tiltakets visuelle virkninger synliggjøres fra nær avstand (opp til ca. 2-3 km) og midlere avstand (fra ca. 3-10 km).
- Friluftsliv og ferdsel: Direktoratet for naturforvaltnings håndbøker nr. 18 "Friluftsliv i konsekvensutredninger etter plan - og bygningsloven" (2001) og nr. 25 "Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder" (2004) kan benyttes i utredningen. Viktige områder skal vises på kart.
- Inngrepsfrie naturområder og verneområder: Tiltakets virkning for inngrepsfrie naturområder skal beskrives kort. Reduksjon av inngrepsfrie naturområder skal tall- og kartfestes.

## Fylkesmannens vurdering av alternativa

### Store samanhengande naturområde, landskap og friluftsliv

Alle foreslårte traseeval for kraftlinja vil gå gjennom fjellområdet mellom Austgulfjorden og Sleire, eit område som i dag ikkje har større tekniske inngrep. Samla storleik på inngrepsfritt naturområde (INON-område sone 2) vil verte redusert monaleg. Dette er omtala i konsekvensutgreiinga, men det er ikkje lagt fram tal på redusert INON-område eller utarbeidd kart som viser konsekvensane, jf. krav i KU-programmet.

Fylkesmannen vil peike på at det inngrepsfrie området blir splitta i to delområde. Truleg vil alternativ 2 og 3 føre til at mestparten av vestre del ikkje lenger vert regna som inngrepsfritt. Dette er uheldig. Vi viser til at bygging av energianlegg bidrar i vesentleg grad til å redusere omfanget og kvaliteten på større samanhengjande naturområde i landet. Når det gjeld Nordhordland er det gitt konsesjon til ny 440 kV kraftline frå Modalen til Mongstad, og det er ligg føre planar for mange nye småkraftverk i regionen. Dette gjer at det er viktig å vurdere samla belastning på naturområde og landskap.

Søkjar har ikkje utarbeidd fotorealistiske visualiseringar som viser inngrepa, og søknaden gir soleis lite grunnlag for å vurdere landskapsmessige verknader av tiltaket.

I konsekvensutgreiinga er landskapet skildra i ulike delområde. Konsekvensar for landskapet er sett til middels negativt. Alternativ 1 ligg lågare i terrenget, og har etter konsulenten si vurdering liten/middels negativ konsekvens for landskapet.

Myrdalen og fjellområda kring dalføret har stor lokal verdi for friluftsliv. Høyringsuttaler i saken viser at lokalmiljøet går imot bygging av kraftline gjennom sjølve Myrdalen. Dei nye alternativa 2 og 3 går utanom dalføret og søker vurderer difor desse som mindre konfliktfylte enn alternativ 1. I konsekvensutgreiinga vert omsyn til landskap og inngrepsfri natur vektlagt høgare, og konsekvensane er sett til liten /middels negativ.

Fylkesmannen vil vise til at det går etablerte turstiar også på fjellområda rundt Myrdalen, til dømes frå Tangedal til Storenova. Det er ikkje utført ny kartlegging og verdsetting av friluftsområde i tråd med Miljødirektoratet si handbok om kartlegging og verdsetting av friluftsområde<sup>1</sup>. Ein har difor ikkje ny og oppdatert informasjon om turområda som bli berørt av tiltaket.

---

<sup>1</sup> [Revidert versjon](#) M 98 2014)

Fylkesmannen viser til at alle alternativa vil vere i konflikt med friluftsliv, opplevingsverdi og landskap. Konsekvensutgreiinga er etter Fylkesmannen er mangelfull. Vi legg til grunn at NVE vil gjennomføre synfaring før ein tek stilling til konsesjonssøknaden. Etter vår vurdering bør søkjar påleggjast å utgreie alternativ lenger vest, jf. alternativ 2a, i tillegg til omsøkte alternativ. Det må leggjast fram oversikt og vurdering av samla belastning på landskapet i regionen.

### **Biologisk mangfold**

Bygging av lina vil føre til kollisjon med fugl. I følgje konsekvensutgreiinga vil langsiktige verknader for lokale hekkefuglar likevel vere små. Konsekvensar er sett til lite – middels negativt for alle alternativ. Ved ein eventuell konsesjon NVE bør sette vilkår avbøtande tiltak, til dømes vurdere å fjerne jordline i luft.

### **Samandrag**

Alle alternativa om ny kraftline frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon er i konflikt med landskap, friluftsliv og opplevingsverdi, og vil føre til oppsplitting av eit stort samanhengande naturområde. Konsekvensutgreiinga gir ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere alternativa fullt ut. NVE må vurdere samla belastning på landskap før ein gjer vedtak i saka. Fylkesmannen ber NVE vurdere krav om utgreiing av alternativ som følgjer eksisterande kraftline, jf. alternativ 2a. Ved eventuelt vedtak om konsesjon må det setjast vilkår for å redusere fåre for kollisjon med fugl.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernssjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

|  |  |                              |  |
|--|--|------------------------------|--|
| Forum for Natur og Friluftsliv i<br>Hordaland v/ Bergen Turlag<br>Tove Kristin Sleire Tistel<br>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane<br>Masfjorden kommune<br>Hordaland fylkeskommune | Tverrgt. 4/6<br>Njøsavegen 2<br>Austfjordvegen 2724<br>Postboks 7900 | 5017<br>6863<br>5981<br>5020 | BERGEN<br>Leikanger<br>MASFJORDNES<br>Bergen |
|--|--|------------------------------|--|

**From:** Friis, Anniken <fmhoafr@fylkesmannen.no>  
**Sent:** 21. april 2016 09:48  
**To:** NVE  
**Cc:** FMSF Postmottak; tkstistel@gmail.com; hordaland@fnf-nett.no;  
hfk@hfk.no; post@masfjorden.kommune.no  
**Subject:** Høyring - Tilleggssøknad - Gulen og Masfjorden - Bygging av 132 kv  
kraftleidning fra planlagte Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset  
transformatorstasjon  
**Attachments:** Tilleggssøknad - Bygging av 132 kV kraftline fra Dalsbotnfjellet  
vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon.pdf

Tilleggssøknad - Bygging av 132 kV kraftline fra Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset  
transformatorstasjon: